

Møtereferat

4. februar 2025

Emne:	Næringsforum Vestland	
Til stades:	<p><i>Medlemmer:</i></p> <p>Bård Sandal (VLFK), Atle Rasmussen (LO), Kathrin Jakobsen (VLFK), Aslak Sverdrup (IN), Rigmor Fardal (FR), Helene Frihammar (NHO), Bjarte Hysing-Olsen (NAV). Geir Kåre Resaland (HVL). Monica Mæland (Næringsalliansen), Øystein Høyvik (KS), Gisle Nondal (Bergen kommune). Mette Nora Sætre (VLFK). Marit Myrstad (SIVA).</p> <p><i>Sekretariat: Jone Engelsvold (VLFK)</i></p>	
Forfall:	Margareth Hagen (UiB) Geir Mikalsen, (NHH) Christian Rekkedal (Statsforvaltaren i Vestland)	Sak: 01-08/25
Møtetid:	4. februar 2025 Kl. 09.00 – 11.45	Møtestad: Teams

Næringsforum Vestland

Sak 01-25 Godkjenning av innkalling 4. februar og referat 10. desember

VEDTAK

1. Næringsforum godkjenner innkalling og dagsorden til møte 4. februar 2025.
2. Næringsforum godkjenner referat fra møtet 10. desember 2024

Sak 02-25 Arbeidet med barriere «Tilgang på kapital»

Tilgang på kapital er ein av dei fire barrierane i arbeidet med berekraftig grøn omstilling. Næringsforum drøfta denne barrieren i møtet 10 desember (sjå referat), og det danske systemet for tilgang til kapital for næringslivet vil vere eit viktig tema når vi møter aktørar i København i april.

I saka fekk Næringsforum ei orientering av Eirik Brekke i Innovasjon Norge om korleis «systemet» for kapitaltilgang for næringslivet fungerer i Noreg. Kven er aktørane, kva vurderingar gjer dei – og korleis handterer dei risiko, vil vere mellom dei tema som vert belyst. Det vart også gitt ei oppdatering om Tidlegfasefond Vestland AS, som fekk snorklipping 9. januar – og som seinast i Fylkesutvalet sitt møte 23. januar fekk tilført 15 millionar kroner i fondskapital. Sak PS 14/2025, https://prod01.elementscloud.no/publikum/821311632_PROD-821311632/DmbMeeting/552

Eirik Brekke sin presentasjon er lagt i Teams kanalen til Næringsforum

I drøftinga etter presentasjonen vart det lagt vekt på:

Korleis få til det store løftet – det er eit kapitalbehov på 138 milliardar berre i bedriftene knytt til Grøn Region vestland – korleis skal vi lære opp hubbane til å hente inn kapital?

Det er behov for å drøfte nærmere korleis ein faktisk skal jobbe med denne barrieren. I 2024 er det 40 % auke investert i grunderselskap. Innovasjon Norge har aldri vore med på fleire prosjekt i Vestland enn i 2024. For lån og tilskot frå Innovasjon Norge er summen 1, 6 milliardar kroner berre i Vestland. Mange prosjekt er gode, med eit stort behov for meir kapital – i første rekke frå privat kapital. Det er viktig å drøfte korleis ein går fram i samarbeid med dei private investerorane.

Det er forslag om å sette ned ei gruppe som kan jobbe med dette. Medlemene bør kome frå Næringsforum, men også andre kan vere aktuelle. Rapporteringslinja bør kunne vere til Næringsforum. Ta gjerne kontakt med Aslak Sverdrup med forslag til personar som kan vere med i ei slik gruppe.

Kapitalbarrieren finner du over alt. Viktig å lære av dei erfaringane ein har hatt i Norge med ulike kapitalfond. Desse er varierande. Bergen Næringsråd har medlemer i ekspertgrupper som kan vere aktuelle for ei gruppe som kan jobbe med kapital som barriere.

Kapitalbehovet gjeld både nye og etablerte bedrifter – det kjem klart fram gjennom arbeidet til Grøn Region Vestland. Gjennom hubbane kan ein identifisere både utfordringar og kven som har funne gode løysingar.

Kan vere lurt å identifisere kor lite kan vi gjere det før vi får det til å fungere.

Viktig å ikkje berre jobbe ovanfrå og ned. Jobb kanskje eit og eit prosjekt – «elefantar i små bitar».

VEDTAK

1. **Næringsforum tok informasjonen til orientering og drøfta kapital som barriere for innovasjon i Vestland fylke**
2. **Næringsforum ber om at det blir satt ned ei gruppe som ser særleg på kapitalbarrieren – og at Innovasjon Norge kjem med eit forslag til samansetting og mandat for arbeidet i ei slik gruppe.**

Sak 03/25

Temareise til København – orientering om program og praktisk

Næringsforum Vestland har bestemt å reise til København frå tysdag 1. april (ettermiddag/kveld) til torsdag 3 april (ettermiddag/kveld). Målet med reisa er å lære meir om korleis dansk næringsliv, offentlege etatar og innovasjonsmiljø elles har arbeidd med barrierar vi kjenner frå Vestland; kraft, kompetanse, kapital og areal.

Kristine Timberlid frå Innovasjon Norge i Danmark orienterte om programforslaget for reisa. Presentasjonen hennar er lagt i Teams kanalen til Næringsforum.

Det vart også gitt ein del praktisk informasjon kring reise og opphold.

VEDTAK

1. **Næringsforum tek praktisk informasjon i saka til orientering**
2. **Næringsforum ser positivt på forslaget til program for reisa til København:**

Sak 04/25 Temaplan forsking og arbeidet med regional forskingsinnsats i 2025

Fylkestinget vedtok 1. oktober 2024 revidert Temaplan forsking for Vestland fylke. Næringsutvalet i Vestland behandla 20 november ei sak om arbeidet med regional forskingsinnsats i 2025 – hovudsakleg knytt til ei forsterka satsing på det næringsretta [FORREGION programmet](#). I denne saka får Næringsforum ei orientering om desse to sakene og vert invitert til å drøfte korleis ein best kan arbeide med det regionale forskingsfeltet i 2025.

Jone Engelsvold gav ein presentasjon som innleiing – denne er å finne i Næringsforum sin Teams kanal.

I drøftinga vart det peika på at kompetansemekling i FORREGION er eit godt og viktig verkemiddel, men at ordninga kanskje ikkje er godt nok kjend i bedriftene. Viktig med meir informasjon ut. Fleire av Næringsforum sine medlemsorganisasjonar kan bidra her.

Ein god ting at SIVA strukturen vert brukt til samarbeidet med utgangspunkt i FORREGION sitt arbeide.

For kommunal sektor er det ei satsing på Kommunenes samarbeidsarena for forsking. KS vil kome tilbake til meir informasjon om korleis ein arbeider med dette i Vestland.

VEDTAK

- 1. Næringsforum tek informasjonen om det regionale forskingsarbeidet til orientering og drøfta framlegget til satsingar i 2025**

Sak 05/25 Grøn Region Vestland etter 2025

Det 3-årige prosjektet Grøn region Vestland blir avslutta 31.12.2025.

Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge Vestland (IN) har vore prosjekteigar. Prosjektleiar har vore tilsett i IN. Av dei øvrige i prosjektteamet er fire tilsette i VLFK og ein i IN. Den eine av dei fire er tilsett på engasjement i tre år og er kommunikasjonsrådgjevar i prosjektet. Prosjektet er no inne i sitt siste og tredje år. Utgangspunktet er at arbeidet i Grøn region Vestland skal vidareførast etter 2025, eventuelt med justeringar.

Bård Sanddal orienterte om arbeidet med å legge til rette for ei vidareføring av arbeidet med Grøn Region Vestland. Det vert planlagt å etablere ei arbeidsgruppe som kan drøfte vegen vidare etter 2025. Presentasjonen til Bård Sandal er lagt i Teams kanalen til Næringsforum.

I drøftinga kom det fram at Bergen kommune er veldig positiv til å være med i den vidare prosessen og gjerne i ei arbeidsgruppa. Det ønskjer også Bergen Næringsråd/Næringsalliansen.

Bergen sin plass i det vidare arbeidet med Grøn Region Vestland er viktig. Klyngene og akademina sin plass i dette må kome tydelegare fram.

Det er behov å få nærmare avklart korleis ein tenker «industripark» i relasjon til SIVA. SIVA vil køyre ein digital serie som kan informere – og knytte SIVA sin aktivitet opp mot fylkeskommunane. Grøn Region Vestland har gjort mykje rett, og vi har eit fantastisk utgangspunkt. Det er viktig å få avklart vidare organisasjonsform. Vi må også finne ut korleis Bergen får ein meir naturlig posisjon i det vidare arbeidet og bruke tilstrekkeleg med tid her – slik at løysinga blir god.

Viktig å kommunisere ut dei gode resultata – for å vise kva ein leverer på. KOMMUNIKASJON er superviktig!

VEDTAK

1. Næringsforum drøfta Grøn Region Vestland etter 2025 og gav fleire innspel til mandat og samansetting av gruppa og kva den nye organiseringa særskild må ivareta.
2. Samansetting av arbeidsgruppe vil følgje dei linene som Bård Sanddal presenterte i møtet. Vestland fylkeskommune tar initiativ til å invitere personar til dette.

Sak 06-25 Aktuelle høyringar –punkt å vere merksam på i eige arbeide med innspel og prosessar

VEDTAK

1. Næringsforum hadde ikkje merknader til lista over aktuelle høyringar

Sak 07/25 Runde rundt bordet/Referatsaker

I denne runden vart det peika på følgjande:

Forsvarsindustri er sterkt på dagsorden. Det skal skje enorme investeringar. Vi må være på og følje med. Bergen Næringsråd arbeider med ein «task force» på dette – som kan definere spesielle forhold for å komme i posisjon.

Helsenæring vert det jobba mykje med. Bergen Næringsråd har fått gjort eit kartleggingsarbeid som mellom anna viser at det er mykje å gjøre med kommersialisering. Det vert arbeidd med å få opp ei «helseklynge» saman med private og offentlege aktørar.

Kraftsituasjonen – det er eit markant kraftbehov – nå sist i Øygarden. «Norgesprisen» er ikkje godt nytt for næringslivet. Viktigaste barrieren for å bidra til det grøne skiftet er tilgang til kraft! Situasjonen er alvorleg.

Forskningsrådet har fleire satsingar knytt til berekraftig areal. Ei større satsing på forskningsenter er sentralt i dette Senter for bærekraftig areal- og naturbruk, men det vert også lyst ut «Forskerprosjekter» og «Samarbeidsprosjekt for å møte utfordringar i samfunn og næringsliv» med tema «Arealer under press». Også innan Offentleg sektor phd kan inntil 8 prosjekt få støtte knytt til arealforvaltning med hensyn til natur og klima. Statsforvaltar, fylkeskommune og kommune er nevnt som aktuelle søkerar her. Merk at fleire av ordningane, ex. Senterordninga, har søknadsfrist i mars.

Innovasjon Norge er kome godt i gang. Ein ny strategi har fokus på skallering. Få fram høgvekst selskap – fram til og med eksport. Eit nytt verkemiddel er Grøn industrifinansiering med store lån til store selskap. 6 prosjekt i Vestland er identifisert. Nytt låneteam er etablert nasjonalt – 2 av desse personane er her i Vestland. Viss ein kjenner til selskap som kan være aktuelle her, så gi beskjed.

Arbeidet med Arbeidskraftløftet har fått laga regional rapport om status for arbeidsmarknaden. Det er lansert 10 tiltak. Samarbeider med fylkeskommunen om «Sommarjobb» - mobiliserer bedrifter. Årskonferanse i NHO – konkurransekraft – korleis ser alarmklokkene i Europa for oss. Sentrale spørsmål: Er dei sterkare, eller korleis er det.

Det vert jobba på eigarsida i SIVA med sterke innovasjonssystem rundt om i landet. Dette fpr å styrke strukturen framover i tid og slik bidra til god utvikling av innovasjonsøkosystema i Norge. Innan SIVA er det ein forsvarsinkubator – i Narvik.

Nytt frå organisasjonen ONE OCEAN er at Gisle Nondal går inn og leier sekretariatet. Bergen kommune vil løfte fokuset meir på tre hovudpillarar. Ein vil ikkje «bygge organisasjon», men heller skape aktivitet «der ute» .

Det er håp og ønskje om at alle skal gjere fine aktivitetar under One Ocean Week i april!.

VEDTAK

1. Næringsforum tek informasjonen til orientering

Sak 08/25	Eventuelt
------------------	------------------

Ingen saker